



Arkivnr: 2014/10498-15

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Godkjenning av årsrekneskapen 2013

Samandrag

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune år 2013 vert med dette lagt fram til godkjenning.

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2013 vert godkjend.
2. Overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

Johnny Ernst Stiansen
fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
fung. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Årsrekneskap 2013 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet
- 2 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2013
- 3 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2013

Fylkesrådmannen, 12.05.2014**Rekneskapsresultat**

Driftsrekneskapen for 2013 kom ut med eit overskot på 130,3 mill. kr. Netto driftsresultat vart 526,5 mill. kr, dvs. 6,6 % av driftsinntektene. I 2012 var netto driftsresultat 242 mill. kr (3,3 %).

Avsetjingar til disposisjonsfond

I rekneskapen er avsett følgjande beløp til disposisjonsfond:

	<u>mill. kr</u>
Skolar	20,6
Tannhelsedistrikt	16,4
Prosjekt innan kultur	22,8
Forsikringsfond	1,9
Totalt	61,7

(I desse tala er ikkje teke med del av overskotet frå 2012 som vart avsett til disposisjonsfond.) Bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen var kr 43,8 mill. kr.

Investeringsrekneskapen

Det vart investert for 3 095,5 mill. kr i eigedomar og utstyr. Revidert budsjett var 2 931 mill. kr medan opphavleg budsjett var 3 131,8 mill. kr.

Dei viktigaste finansieringskjeldene for investeringane var bompengar (1,3 mrd. kr) og lån (1 mrd. kr.)

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, viser eg til årsmeldinga og rekneskapshefte.

Revisjonsmeldinga

I revisjonsmeldinga, datert 11. april 2014, konkluderer revisor slik:

”Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Hordaland fylkeskommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.”

Handsaming i kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 06.05.2014. Saksførelegget følgjer som vedlegg til saka.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 19.9.14 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2013.

Disponering av overskotet

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet. I innstillinga har fylkesrådmannen gjort framlegg om å avsetje overskotet til disposisjonsfond.

Då fylkestinget vedtok disponering av overskotet frå 2012, vart vel halvparten sett av til finansiering av investeringar, slik at nye låneopptak kunne reduserast noko.